



35 meter lang dinosaur!

hadde frykteleg lang hals og var glad i grønt.

Ein annan langhalsing er funnen i Brasil. Denne dinosauren er også ein langhalsdinosaur, men berre på i alt 13 meter og ni tunge tonn. Langhalsdinosaurane er heilt "nye" for forskarane og difor svært spanande å forske på. Enno veit vi nesten ingenting om dei: kvar dei budde, og kor mange artar det fanst av dei, eller kor lenge dei levde på jorda. Den brasilianske langhalsdinosauren levde for rundt 80 millionar år sidan. Han hadde ein stor og kraftig kropp, lang hale og lang hals med eit bitte lite hovud. Tennene hadde skarpe riller som ein trur hjelpte dyret med tygginga slik det lettare kunne fordøye maten. Men stort meir veit ein altså enno ikkje om langhalsdinosaurane.

I Kina har dei funne beinrestar etter ein dinosaur som må ha vore minst 35 meter lang. Berre halsen er 15 meter lang. Men særleg farleg for folk var han ikkje, denne langhalsdinosauren, for alt tyder på at han berre åt planter. Dinosauren levde for om lag 150 millionar år

sidan.

Fram til no har det største dinosaurskjelettet som er funne, vore 27 meter langt, men langhalsdinosauren slår denne rekorden med heile 8 meter. Før utgravinga er ferdig, veit vi ikkje så mykje meir om denne langhalsa skapnaden enn akkurat det, at han

Nord i Argentina i eit område kalla Salta har ein også funne ein slags langhalsing som ein har døypt Saltasaurusar. Desse dinosaurane er truleg fjerne slektningar av både den kinesiske kjempa og den noko mindre brasilianaren.